

KAPITTEL 12 – DENNIS

Det er vesle julaftan, og julestemninga er definitivt over. Snøen har blitt slaps, og det regnar og blæs som vanleg. Men inne er det glitter og nissar og små, søte rådyr med snødryss som ikkje smeltar.

Mamma har funne fram julepynten og kjøpt noko nytt, noko er som før, og noko er annleis.

– Eg veit det aldri skulle skjedd, alt det dumme og ulovlege, sa mamma etter juleavslutninga. – Men det gjorde det, og no er eg her att. Vi må jo berre prøve å vere oss sjølve att.

– Men du har vore borte så lenge, sa Dennis.

– Ja. Det har vore lang tid for meg og, sa mamma. – Men no er eg her.

Og slik var det. Mamma var ein forbrytar, ho hadde vore i fengsel. Men mamma var og den som pynta huset og gjorde det koseleg, den som bakte julekaker i siste liten, den som song høgt og klart utan å skamme seg. Mamma. Som no står på kjøkkenet og lagar julepizza, slik dei alltid har hatt vesle julaftan. Det luktar godt, mykje betre enn all mat han og pappa hadde henta dei siste månadene.

Han sit på stova, ser barnslege julefilmur og gjer ikkje noko. Et ein sirupssnipp. Prøver å ikkje tenke for mykje, berre la det bli jul. Han hadde kjøpt ein engel til mamma, ho likte slikt, gjorde det før i alle fall. Og ho er vel den same?

Det plingar i mobilen. No att. Klasse-chatten hadde eksplodert etter avslutninga. Alle hadde lurt, alle hadde undra seg over blikka dei hadde fått frå andre. Men kven hadde gitt den same lappen til alle?

Chatten bobla, og svaret kom. Frå Liam.

Eg skreiv lappane. Då eg begynte her i haust, var det ingen som såg meg i auga på fleire veker. Og det var ikkje berre eg. Klassen eg kom frå, var ikkje berre grei. Kanskje ikkje eg, heller. Men no tenkte eg at eg kunne gjere noko bra. Og at vi kan sjå på kvarandre, i staden for ned i pulten eller i skjermen. Eg tek ein pause frå chatten. God jul, alle!

Det var så overraskande, veldig rart og så klart fint. Mange kommentarar, men det kom ikkje meir frå Liam.

Det plingar igjen, det er ikkje mobilen hans. Det ringer på mamma sin, ho pratar med nokon, kjem ut til han på stova etterpå.

– Vi får besøk til julepizzaen, det er Liam i klassen din. Det er vel greit?

Dennis skjønner ingenting, men nikkar.

– Jo, så klart, men ... kvifor det?

– Eg kjenner faren hans frå gamle dagar, vi spelte i band saman for omtrent hundre år sidan. Og no sit foreldra til Liam vêrfaste på Svalbard. Det ser ut til å stilne i morgon, men eg inviterte Liam til å overnatte her. Det er jo vesle julaftan. Pappa er og hentar han no.

– God jul, seier Liam då han kjem inn saman med pappa, litt etterpå. Dei er regnvåte i håret, Liam smiler eit slags smil. – Det var veldig snilt at eg fekk kome hit.

– Det skulle berre mangle, seier mamma. – Eg håper det er greit at du søv på rommet til Dennis i natt? Vi har ikkje noko eige gjesterom.

Stakkars mamma, tenker Dennis. Ho veit ikkje at ingen i klassen liker meg. Kan hende Liam ikkje tør å seie nei?

– Så klart, svarar Liam med eit smil som ser betre ut enn det han kom med. Som om han kanskje meiner det. Han nikkar på det bustete håret. Det er ganske kult, eigentleg.

Regnet piskar mot ruta då dei legg seg. Liam ligg på ein madrass på golvet.

– Håper det er greit at eg er her, seier Liam etter at dei har snakka om alle slags ting Dennis ikkje hadde visst at han kunne snakke med nokon om.

– Så klart. Kjem foreldra dine att til i morgon?

– Ja, dei har fått plass på neste fly. Og bestemor og onkel er på veg frå Hardanger. Det blir nok ei god jul etter kvart.

– Bra, seier Dennis. – Det blir det her og. God jul, altså.

Eller han berre tenker det, for han held på å sovne. Og kjenner at det er akkurat det det er – ei god jul. Regnet har gitt seg, og ei stjerne blinkar mellom gardinene.